



Arkeologisk sikringsundersøking av skada førreformatorisk hustuft.

Id 229588-1 på Oaland, gnr. 34, bnr. 3,
Forsand k., Rogaland

Even Bjørdal

AM saksnummer:	19/02436
Journalnummer:	

Dato:	17.12.2019
Sidetal:	22 + vedlegg
Opplag:	2 trykte + pdf

Oppdragsgjevar:	RA
-----------------	----

Stikkord:	Sikringsundersøking, hustuft, gardsanlegg, jernalder, fiskesøkke, bryne
-----------	---

Oppdragsrapport 2019/17
Universitetet i Stavanger,
Arkeologisk museum,
Avdeling for fornminnevern

Utgjevar:
Universitetet i Stavanger
Arkeologisk museum
4036 STAVANGER
Tel.: 51 83 31 00
Fax: 51 84 61 99
E-post: post-am@uis.no

Stavanger 2019

Arkeologisk sikringsundersøking av skada førreformatorisk hustuft.

Id 229588-1 på Oaland, gnr. 34, bnr. 3, Forsand
k., Rogaland

Even Bjørdal



Universitetet
i Stavanger

Arkeologisk museum

Universitetet i Stavanger Arkeologisk museum OPDRAGSRAPPORT	RAPPORTNUMMER: 2019/17
Universitetet i Stavanger Arkeologisk museum, 4036 Stavanger Telefon: 51832600, fax: 51832699, e-post: post-am@uis.no	TILGANG:
RAPPORT-TITTEL: Arkeologisk sikringsundersøking av skada førreformatorisk hustuft. Id 229588-1 på Oaland, gnr 34, bnr. 3, Forsand k., Rogaland	SIDETAL: 22 sider + vedlegg
	OPPLAG: 2 stk trykt + pdf
	DATO: 17.12.2019
AM Journalnr: 19/02436 SAKSHANDSAMAR: Even Bjørdal FORFATTAR: Even Bjørdal	

OPPDRAGSGJEVAR: Riksantikvaren	OPPDRAGSGJEVAR SIN REF.: 19/00071-26
REFERAT: <p>Sikringsundersøkinga gjekk over 3 arbeidsdagar i felt for 2 arkeologar frå Am, UiS (Even Bjørdal og Theo Gil Bell).</p> <p>Først dokumenterte ein status for hustufta ved hjelp av oversynsfoto (frå bakken og frå drone). Deretter valde ein seg ut to område (Sjakt 1 og 2) for nærmare undersøking og utbetring av den skaden som var påført ved traktorkøyring på tvers av hustufta. Det må nemnast at grunneigar sjølv hadde gjort ein god jobb ved å fylle ut og jamne til dei verste hjulspora, slik at forholda var betre enn det som framgår på eldre luftfoto og LIDAR. Innan dei to små sjaktene, plassert i nærleiken av kvar sin langvegg, fjerna ein torva for å betre få oversyn over skadeomfanget. Det framgikk då at ferdselen med traktor hadde gjeve moderate skader, som erodring av veggvoll og komprimering av torv og kulturlag. Ein utbetra delar av den klart nedslitne sørvestre veggvollen innan Sjakt 2, før ein la massar og torv tilbake på plass innan sjaktene og fotodokumenterte status for hustufta etter gjennomført undersøking.</p> <p>Det blei gjort nokre gjenstandsfunn (fragment av bryne og fiskesøkke, brent bein) in situ i lag innan Sjakt 2. Frå denne sjakta vart det også teke ut makrofossilprøver for dateringsmateriale frå dei omtalte laga. Materiale frå 3 slike prøver er sendt inn for 14C-dateringar, resultatane frå desse analysene gjev alle ei datering til 400-500-talet e. Kr., dvs. folkevandringstid.</p>	
STIKKORD:	
Sikringsundersøking	14C-dateringar frå kulturlag i hustufta
Hustuft	Jernalder
Gardsanlegg	Fiskesøkke, Bryne

Innholdsoversyn

1	Samandrag	s. 4
2	Innleiing	s. 5
2.1	Bakgrunn for undersøkinga	
2.2	Registreringar av kulturminner i nærleiken	
2.3	Skriftlege og munnlege kjelder som omtalar Oaland i gamal tid	
2.4	Landskap og kulturmiljø	
3	Målsetnad og problemstillingar i samband med undersøkinga	s. 8
3.1	Målsetnader med undersøkinga	
3.2	Problemstillingar	
4	Prosjektplan for gjennomføring og dokumentasjon	s. 9
4.1	Plan for gjennomføring	
4.2	Plan for formidlingstiltak	
5	Sikringsundersøkinga: Feltarbeidet 23. – 25. 2019	s. 10
5.1	Deltakarar og roller	
5.2	Metodar og undersøkingsprosess i felt	
5.2.1	Dag 1	
5.2.2	Dag 2	
5.2.3	Dag 3	
6	Naturvitskapelege prøver og analyser	s. 18
6.1	Prøvematerialet	
6.2	Vedartsanalyse	
6.3	¹⁴ C – analyse	
7	Funnmaterialet	s. 19
7.1	Fiskesøkket	
7.2	Brynet	
7.3	Fragmentet av brent bein	
8	Samla tolking av det undersøkte anlegget ID 229588-1 og lokaliteten 229588	s. 19
9	Formidling og publikumskontakt	s. 20
10	Prosjektevaluering	s. 20
	Litteraturliste	s. 20

Vedlegg

Vedlegg 1	Fotoliste
Vedlegg 2	Liste over innmålte punkt og polygon
Vedlegg 3	Funnliste
Vedlegg 4	Katalog S 14241
Vedlegg 5	Prøveliste
Vedlegg 6	Prøver sendt til ¹⁴ C-analyse og analyseresultat
Vedlegg 7	Illustrasjoner (7a og b) som viser innmålte anleggsspor, prøver og funn i sjaktene
Vedlegg 8	Rapportar (8a og b) frå fotogrammetri tilknytt Sjakt 2
Vedlegg 9	Oversynskart lokalisering av ID 229588 med UTM (Temakart Rogaland)

Figurar

Figur 1 Lokalteten på Oaland (med raud sirkel), samt andre lokalitetar på Forsandmoen og i landskapet rundt. Frå Temakart Rogaland. (s. 5)

Figur 2 Lokalteten ID 229588 Oaland. Luftfoto frå 2013. Frå Askeladden. (s. 6)

Figur 3 Lokalteten ID 229588 Oaland. Luftfoto frå 2010 med særleg synlege traktorspor gjennom hustufta ID 229588-1. Frå Askeladden. (s. 6)

Figur 4 LIDAR-data frå lokalitet ID 229588 Oaland. Tuft ID 229588-1 er lite synleg. Frå hoydedata.no. (s. 7)

Figur 5 Utsnitt av lokalitet ID 229588, med innteikna ytterkant for hustufter og gardfar, og georefererte sjakter frå 2019. Luftfoto frå 2010. Frå Askeladden. (s. 8)

Figur 6 Ortofoto/modell av situasjon ved ID 229588-1. Ved TGB og EB, Am, UiS. (s. 11)

Figur 7 Sitasjon etter avtorving og opprens av Sjakt 1. Foto mot NØ. (s. 12)

Figur 8 Område med "prøvestikk" nord i Sjakt 1. Etter fjerning av steinlaget. Foto mot NØ. (s. 13)

Figur 9 Profilsnitt gjennom torvlag, steinlag og kulturlag, ned til lysare undergrunn, i "prøvestikk" nord i Sjakt 1. Foto mot NØ. (s. 14)

Figur 10 Sjakt 2 etter avtorving og framrensing. EB i bakgrunnen, inne i hustufta. Foto mot V. (s. 14)

Figur 11 Sjakt 2, detalj med relasjon mellom steinfylt veggvoll til venstre, dreneringsgrøft sentralt og jordet aust om hustufta til venstre. Foto mot NV. (s. 15)

Figur 12 Sjakt 2 på Dag 3, etter kraftig regn om natta. Foto mot NV. (s. 15)

Figur 13 Illustrasjon som viser Sjakt 1 og 2 med innmålte anleggsspor, prøver og funn innan hustufta. Storleik 1:110, opp er mot nord. (s. 16)

Figur 14 Sjakt 1, undervegs i attfylling av torv. Legg merke til utbetring av steinvoll med steinsamlinga oppe til venstre før pålegging av torv. Foto mot V. (s. 17)

Figur 15 Sjakt 1, situasjon etter ferdig attfylling med torv. Foto mot NNØ. (s. 17)

Figur 16 Sjakt 2, situasjon etter ferdig attfylling med torv. TGB i bakgrunnen. Foto mot NNØ. (s. 18)

Figur 17 Delar av fiskesøkket sett saman, med digitalt påteikna liner for å framheve snorspora. Foto ved EB. (s. 19)

Figur 18 TGB målar inn georeferansepunkt for fotomosaikk, ved Sjakt 2. Foto mot ØNØ. (s. 21)

1 Samandrag

Rapporten gjeld ei sikringsundersøking som Am, UiS utførte hausten 2019 etter tildeling av tilskot til dette frå RA gjennom «Post 70» - midlar på grunnlag av søknad frå Even Bjørdal ved Am, UiS.

Sikringsundersøkinga var knytta til ei førreformatorisk hustuft (ID 229588-1) som er lokalisert innan eit gardsanlegg (ID 229588) med tufter, gardfar og røyser på Oaland gnr. 34 / bnr. 3 i Forsand kommune Jf. fig. 1-5). Gardsanlegget har ei utforming som indikerer bruk i jernalder, men yngre bruksfasar kan ikkje utelukkast.

Hustufta ID 229588-1 var aktuell for ei sikringsundersøking på grunn av nyare tids skader grunna ferdsel med traktor på tvers av anlegget. Hustufta hadde såleis fått status TG3 i Askeladden.

Am, UiS (ved prosjektleiar Even Bjørdal), Rogaland fylkeskommune (ved Sikke Viste, rådgjevar arkeologi) og grunneigar Svein Oaland gjennomførte ei felles synfaring på lokaliteten 20.09.2019. Her diskuterte ein gardsanlegget generelt og sikring av hustufta id 229588-1 spesielt.

Sjølve sikringsundersøkinga av hustufta ID 229588-1 vart gjennomført i perioden 23.-25.10.2019 av to arkeologar (Even Bjørdal og Theo Gil Bell) frå Am, UiS.

Dei viktigaste resultatane av prosjektet er at ein a) har fått betre kunnskap om hustufta si oppbygging og tilstandsgrad, b) har gjort diagnostiske gjenstandsfunn (fiskesøkke og bryne) som viser til brukstid og aktivitetar, og c) har både utbetra skader (bygd opp att delar av forstyrta veggvoll) og fått avverga ytterlegare skader (ved at grunneigar avstår frå motorferdsel over hustufta). Det er sendt inn prøvemateriale (trekol, forkola bark) for tre stk. ¹⁴C-dateringar frå gode kontekstar inne i hustufta, og alle desse tre har gjeve resultat frå 400-500-talet e. Kr., dvs. folkevandringstid.


2 Innleiing

Den følgjande informasjonen er henta frå søknaden om sikringsmidlar (brev 10.01.2019) og frå Askeladden.

2.1 Bakgrunn for undersøkinga

Tufta ID 229588-1 er registrert med tiltaksbehov TG 3 – Betydelig tiltaksbehov. Ho har følgjande skildring i Askeladden (mi utheving av informasjon om skade): «TUFT 1: Tuften er orientert NV/SØ og måler 27 x 8 x 0,4 m. Hele tuften er overtorvet og er lite synlig på stedet, men godt synlig f eks. på flyfoto. Formen i plan er rektangulær med tilsynelatende beine langvegger. Det er få synlige steiner i strukturen men tydelig veggvoll i v og nv. Veggvollene måler 1-1,5 m i bredden og er avgrenset av en fordypning innad i tuften. Midtre del av tuften er forhøyet. Den sø delen av tuften er forstyrret flere dype hjulspor etter ferdsel med traktor i området. Avgrensingen mot skogholtet og steingarden i sør er noe utflytende og sø gavlen er sannsynligvis blitt forstyrret ved oppføring av steingarden.»

Det vart frå Am, UiS si side vurdert som høveleg å få sikra dette anlegget mot ytterlegare skader, og ein søknad om dette vart utforma av prosjektleiar Even Bjørdal. Denne søknaden vann i utgangspunktet ikkje fram til å bli prioritert for slike midlar («Post 70») frå RA si side, men i løpet av juni 2019 fekk ein melding om at endringar i fordelinga av tilskot gjorde at sikringsundersøking av ID 229588-1 likevel fekk midlar til gjennomføring i løpet av 2019.



Figur 1 Lokalteten på Oaland (med raud sirkel), samt andre lokaliteter på Forsandmoen og i landskapet rundt. Frå Temakart Rogaland.



Figur 2 Lokaliteten ID 229588 Oaland. Luftfoto frå 2013. Frå Askeladden.



Figur 3 Lokaliteten ID 229588 Oaland. Luftfoto frå 2010 med særleg synlege traktorspor gjennom hustufta ID 229588-1. Frå Askeladden.

2.2 Registreringar av kulturminner i nærleiken

Dette er ei hustuft (Tuft 1) som er del av ein større gardsanleggkontekst ID 229588 frå jernalder, med fleire tufter, gardfar og ei gravrøys. Anlegget vart påvist i 2016 av Rogaland fylkeskommune i samband med registreringsarbeid (visuell overflaterregistrering) knytt til trasé for høgspennkablar (luftspenn).

Det er ikkje registrert andre faste kulturminne på garden eller levert inn gjenstandsfunn.

I tidsskriftet frå haug ok heiðni sitt temanummer om Forsand kommune (nr 2, 1983) står det mellom anna i ein artikkel av Trond Løken at «Dessuten vet vi at det har vært hustuffer på Oaland og navnet Aunå på Nedre Espedal forteller også om en ødegård. Men disse siste kan være yngre enn forhistorisk tid. Disse gårdene ble kanskje ryddet i middelalderen og ble lagt øde etter Svartedauden» (s. 189). Eit oversynskart i same artikkel (s. 190) viser garden Oaland med eit symbol som indikerer vikingtid eller mellomalder. Noko seinare i artikkelen (s. 194) står det om gardar i Forsand at «To av disse (Nordland og Løland) samt 3 andre (Oaland, Byrkjeland og Eikeland) har namn med –land – endelser som gjør det trolig at de er fra forhistorisk tid. Bare Oaland får ikkje det bekreftet med gravanlegg på gårdsområdet».



Figur 4 LIDAR-data frå lokalitet ID 229588 Oaland. Tuft ID 229588-1 er lite synleg. Frå hoydedata.no.

2.3 Skriftlege og munnlege kjelder som omtalar Oaland i gamal tid

Det finst skriftlege kjelder som inneheld informasjon om aktivitetar her både før og etter reformasjonen.

I «Forsandboka. Gards- og ættesoge. Band II» (Engen 1985) vert det vist til hendingar knytt til garden Oaland (s. 477-478): «To av fjellgardane – Oaland og Rettedal – ser ut til å ha lege under U-Berge alt då Lagmannsætta flytta til Berge-garden om lag 1451». På same stad vert det attfortalt frå eit brev om eit skifte i 1624: «Og jamenn finn me ikkje «kjennelege husetufter» etter garden frå før Svartedauden [...] Ingen har sett seg til her ennå og teke opp den gamle øydegarden.»

Seinare i same boka (s. 541) vert det attgjeve ein tekst, «Då det var trutt på Oaland», av M. G. Mikkelson, først trykt i Rogaland Historielag sitt årshfte 1937. Her følgjer eit utdrag av denne: «I gamal tid var det utrutt [utrygt, for trolldom] på Oaland. Sers gale var det ved joletider. Då måtte folket der oppe fara ned til Rettedal. [...] Ein som dei nemnde med Tron – ein gamal, grå haugkall, og som var føraren, sette seg ved

høgabordsenden. Ein liten, svinten og ung haugbue vart sett til kjømeistar». Dette er altså ei lokal søge om at huldrefolket tok seg til rette på garden. Haugkall/haugbonde viser til ein avdød som etter eldre folketro lever vidare i gravhaugen sin og kan vere både dyrka og frykta av dei levande i ettertida. Dette kan vere restar etter gamle historier knytt til det nedgrodde gardsanlegget og gravminner tilhøyrande dette.



Figur 5 Utsnitt av lokalitet ID 229588, med innteikna ytterkant for hustuffer og gardfar, og georefererte sjakter frå 2019. Luftfoto frå 2010. Frå Askeladden.

2.4 Landskap og kulturmiljø

Omtale henta frå Askeladden: «Gårdsanlegget på Oaland ligger 390 moh., i beitemark og bjørkeskog øst for fjellet Litleknut og 140-285 m vest for det moderne tunet. I beitemarken ble det registrert to tufter, en mulig steingard og i skogholtet øst for disse en steingard og en sirkulær steinpakning eller lav røys, som er tolket som en grav. Formen på tuftene tyder på at gårdsanlegget har vært i drift i eldre jernalder og/eller senere perioder».

I eit større perspektiv, så finst lokaliteten ID 229588 i ein sidedal til det lågareliggende og kulturhistorisk uvanleg rike Forsandmoen. Medan Forsandmoen hadde landsbyliknande busetnadsmønster i delar av eldre jernalder, med ei tett samling av fleire gardar ned på sjølve moen, er det også registrert fleire enkeltliggende gardar i landskapet rundt. Påvisinga av gårdsanlegget på Oaland høver inn som ein av desse enkeltgardane.

3 Målsetnad og problemstillingar i samband med undersøkinga

Den følgjande teksten er henta frå søknadsbrevet om sikringsmidlar (10.01.2019).

3.1 Målsetnader med undersøkinga

Målsetnaden er å få dokumentert eit oversyn over kor stor skade tufta og området like inntil har fått av moderne aktivitet som traktorkøyning, og få stoppa eventuelle pågåande skader som utrasing av veggvollar og anna mogleg skade på struktur og funnmateriale av ytterlegare køyning. Det finst også utfordringar generelt i dette området med fuktige grunnforhold, dreneringa er ikkje så god som ein kunne ønske for gardsdrifta sin del.

Det er viktig å ha god dialog med grunneigar om lokaliteten for a) å få informasjon om omfang av tidlegare traktorkøyning, og b) kome til semje om korleis vidare køyning i området kan føregå utan å gjere ny skade på lokaliteten.

3.2 Problemstillingar

Tufta i seg sjølv, og gardsanlegget ho er ein del av, har fagleg stor informasjonsverdi både lokalt og nasjonalt, både ved at det a) er eit relativt sjeldant døme på ein gard frå jernalder lokalisert i overgangen mellom jordbruksområde og område for utmarksressursar, b) fordi anlegget truleg har fungert i samspel med den velkjende landsbyen på Forsandmoen som låg berre ca. 3 km unna, og såleis kan gje meir informasjon om ressursgrunnlaget for denne internasjonalt kjende lokaliteten.

4 Prosjektplan for gjennomføring og dokumentasjon

Den følgjande teksten er henta frå søknadsbrevet om sikringsmidlar (10.01.2019).

4.1 Plan for gjennomføring

Opplegg og framgangsmåte

Først vil ein gjere ei detaljert digital innmåling og fotodokumentasjon (vha. fotostang, drone) av tufta i plan. Den vidare undersøkinga vil medføre eit mindre inngrep i tufta, i form av manuell avtorving og vidare opprens av ei stripe på tvers av tufta, utført av arkeologar ved hjelp av spade og graveskei. Dette undersøkingsområdet vil ha ein storleik som tilsvarer arealet av traktorspora og området mellom dei (dvs. traktoren si breidde), frå eit par meter Ø om tufta til eit par meter V om tufta. Dette gjev eit undersøkingsareal på ca. 20 – 25 x 3 meter. Påviste anleggsspor vil bli dokumentert, og gjenstandsfunn vert samla inn og katalogisert hos AM, UiS. Utgangspunktet er at dokumentasjonen skal føregå etter «single context» - metoden. Det vil ikkje bli grave ned i klart urørte masser (som kulturlag), men eventuelle delar av lag som allereie er skore ned i av traktorspor vil bli rensa opp i plan/profil for dokumentasjon. Det vil vere aktuelt å samle inn prøvemateriale for 14C-datering frå klare kontekstar (t.d. eldstad, kulturlag) innan undersøkingsområdet.

Praktiske forhold

Det er ein del føresetnader som må vere på plass før sjølve undersøkinga kan gjennomførast:

At naudsynte løyve frå grunneigarar og/eller forpaktarar, samt vedtak fra Riksantikvaren er i orden. Det må hentast inn gravemeldingar som viser eventuelle kablar og røyr i bakken.

At det aktuelle området må vere tilgjengeleg for feltarkeologane. Dette omfattar m.a. trygg tilkomst med omsyn til gjerder og andre stengsel, og eventuelle beitedyr må haldast unna sjølve undersøkingsområdet.

At det er tilordna høveleg plass for letthus og straumaggregat og parkering for bil knytt til prosjektet.

At det er gjort eit aktivt HMS-arbeid i samspel mellom AM og grunneigar, slik at SHA-plan er oppretta og føreligg før oppstart av det arkeologiske undersøkingsprosjektet.

4.2 Plan for formidlingstiltak

Strategi og valde tiltak for det aktuelle prosjektet vert rutinemessig utforma i samarbeid mellom fornminnevernavingdelinga og formidlingsavdelinga ved AM, UiS. Dette er eit lite prosjekt med omsyn til tid og andre ressursar, og formidlingstiltaka vil avspegle dette. Her er nokre generelle føringar som er aktuelle:

Om mogleg, skal kvart enkelt prosjekt presenterast i media, i samarbeid med museet sin kommunikasjonsrådgjevar.

Dialog med dei lokale innbyggerane bør alltid skje. Dette kan vere ved uorganiserte «spontanbesøk» på utgravingsfeltet av folk frå bygda, eller gjennom meir organiserte besøk/presentasjonar på feltet.

Skular er ei prioritert målgruppe for formidling i felt, og når det er praktisk mogleg skal skular inviterast til forskjellige aktivitetar i felt under tida undersøkinga pågår. Dette vert gjort i samarbeid med formidlingsavdelinga på Arkeologisk Museum.

Generell formidling via museet si nettside og /eller forvaltningsmusea sin felles bloggportal www.norark.no skal alltid gjennomførast. Her vert aktuelle funn, hendingar og framdrift i prosjekta formidla regelmessig.

Tiltakshavar / grunneigar er alltid velkomen, og eventuelle ynskjer om føredrag eller organiserte omvisingar på utgravingsfeltet vil bli gjennomført etter avtale med prosjektleiar. Det same gjeld for representantar frå andre myndigheter og fagkollegaer o.l.


5 Sikringsundersøkinga: Feltarbeidet 23. – 25. 2019

5.1 Deltakarar og roller

To fast tilsette arkeologar frå Am, UiS deltok under feltarbeidet, Even Bjørdal og Theo Gil Bell.

Bjørdal hadde utforma søknaden om sikringsmidlar og fungerte som prosjektleiar/ansvarleg for gjennomføringa både av feltarbeidet og etterarbeidet.

Ved feltarbeidet var hovudfordelinga slik at ein jobba i stor grad med kvar sitt undersøkingsområde/sjakt; høvesvis Bell i Sjakt 1 og Bjørdal i Sjakt 2 (jf. fig. 6). Det var likevel eit utstrakt samarbeid, både ved graving og ved dokumentasjon.



Figur 6 Ortofoto/modell av situasjon ved ID 229588-1. Ved TGB og EB, Am, UiS.

5.2 Metodar og undersøkingsprosess i felt

5.2.1 Dag 1

Feltarbeidet starta 23.10. med å få naudsynt utstyr (brakke, el-aggregat, utgravingsutstyr) på plass. Deretter gjorde ein ei synfaring av sjølve hustufta ID 229588-1 og av resten av den registrerte lokaliteten. Så gjennomførte Bell dronefotografering av lokaliteten og utforma ein modell og eit ortofoto av desse fotoa. Dette var særst nyttig i dei påfølgjande diskusjonane om kva område av hustufta ID 229588-1 som høvde best for vidare undersøking og sikring. Det vart enklare å sjå og forstå tuftkonstruksjonen når ein hadde denne modellen; det var nemleg ei utfordring i at a) tufta var mykje nedgrodd i torva og var såleis låg i terrenget, og b) grunneigar hadde vore grundig med å fylle ut og jamne til dei områda som var skada av traktorspor, slik at desse spora var langt mindre klare i oktober 2019 enn på eldre luftfoto og LIDAR (jf. fig. 3-6). Ein forstod allereie i løpet av den første dagen i felt at det ikkje ville la seg gjere å opne opp eit så stort areal som det var tenkt i prosjektplanen (ca. 20 x 3 meter = 60 m², jf. ovanfor kap. 4.1.). Torvlaget var ikkje så tjukt (ca. 5-10 cm), men det var seigt å fjerne manuelt med spade, og mengda med steinar bevart rett under torva indikerte at det ville ta relativt lang tid å få reinsa godt fram eit areal på den planlagde storleiken. Ein valde difor å gå for ei løysing med to separate undersøkningsområde, lokalisert i nærleiken av kvar langvegg (jf. fig. 5-6). Ved å bruke informasjon frå den omtalte modellen og ortofotoet saman med spor i terrenget, klarte ein å finne fram til to relevante stader i og ved hustufta for å opne opp desse små sjaktene, Sjakt 1 (ca. 6,8 m²) og 2 (ca. 2,5 m²).

5.2.2 Dag 2

24.10. var dagen då det meste av undersøkinga og sikringa blei utført. Ein avtorva og reinsa fram områda for Sjakt 1 og 2, og fotodokumenterte grundig situasjonen. Det vart nytta innmålte markørar på begge

stadar, slik at bileta ved hjelp av fotogrammetri kan setjast saman til georefererte fotomosaikkar. Utforming av slik modell og ortofoto er per no berre gjort for tilhøva innan Sjakt 1 (jf. vedlegg 8), men liknande prosessering kan om ønskeleg gjerast i ettertid av bileta frå Sjakt 2 også.



Figur 7 Situasjon etter avtorving og opprens av Sjakt 1. Foto mot NØ.

Innan Sjakt 1 (jf. fig. 7, 13) påviste ein både skader etter traktorkøyringa og interessante detaljar om oppbygginga av hustufta. Skadene var synlege på fleire vis. Delar av veggvollen var sliten ned / borte i akkurat det området der hjulspora gjekk gjennom hustufta – torvlaget verka forstyrta, og det var færre steinar i vollen her enn i det betre bevarte området i NV-delen av Sjakt 1. Samstundes verka fleire av steinane under torva i det sentrale området av Sjakt 1 noko lause, med andre ord at traktorhjula hadde flytta noko på dei fram og tilbake. Delar av steinsamlinga N i sjakta verka også noko komprimert og flattrykt. Men det kraftige innslaget av steinar her hadde truleg verna hustufta mot ytterlegare skader, for det var ingen klare teikn på at traktorhjula faktisk hadde skore seg gjennom kulturlag og ned i undergrunnen. Slik sett var skadeomfanget moderat/lite.

Når det gjeld oppbygginga av hustuftkonstruksjonen, så kom fleire trekk for dagen innan sjakta; a) sjølve veggvollen i den vestre langveggen var om lag 1,8 meter brei og ca. 15-20 cm høg (frå undergrunnsmasse til torvoverflata), b) to større, flate steinar innan same lengdeaksen som veggvollen kan ha med eit inngangsparti å gjere her, c) N-NV i sjakta («inne i hustufta») var det ei kraftig steinsamling (ca. 10 cm tjukk) rett under torvlaget, desse steinane låg stratigrafisk over eit kulturlag (truleg golvlag, ca. 5 cm tjukt) som i sin tur låg direkte på den lysare undergrunnsmassa (silthaldig), d) lengst S i sjakta mangla den klare lagfølgja omtalt for N-NV – dette kan indikere eit anna rom / aktivitet her nærmare gavlenden av hustufta. Etter visuell undersøking og stikking med jordbor langs midtaksen av resten av hustufta, synest det sannsynleg at det finst ei eller fleire slike steinsamlingar langs store delar av hustufta innanfor veggvollane. Dette kan vere restar etter golv, men det kan også kome frå seinare aktivitetar (t.d. rydding av stein frå marka rundt). Den systematiske, flate utforminga av steinlaget peikar kanskje helst mot intensjonell oppbygging og ikkje rydding?

Ved opprensinga rundt steinar i veggvollen i Sjakt 1, blei det påvist ein konsentrasjon med bitar av delvis brent bark frå lauvtre. Nokre bitar vart samla inn som naturvitskapeleg prøvemateriale (nat.vit.nr. 2019/104-3), og delar av dette er sendt inn til ¹⁴C-datering (jf. vedlegg 6).

Sidan delar av steinane tilhøyrande steinlaget i N-NV – delen av Sjakt 1 verka flytta rundt på av traktorferdsel, valde ein å demontere noko av dette laget for å få betre oversyn over skadeomfanget. Denne undersøkinga hadde karakter av eit tilnærma prøvestikk i storleik, der ein grov seg ned til undergrunnsnivået (jf. fig. 8). Undersøkinga viste at skadane frå traktoren var små, og avgrensa til det øvre nivået med steinar – den midtre og nedre delen verka godt bevart frå nyare forstyrningar. Det blei i

samband med dette reinsa opp ein profil (jf. fig. 9) og teke ut to makrofossilprøver (ein frå høvesvis steinlaget øvst og frå kulturlaget/golvlaget under; nat.vit.nr. 2019/104-1 og 2) som det er sendt inn materiale frå til ¹⁴C-analyser (jf. vedlegg 5-6). Det blei også gjort fleire gjenstandsfunn i dette området; a) fleire fragment frå det same fiskesøkket av kvartshaldig bergart (påvist i overgangen mellom steinlaget og det underliggende kulturlaget) og b) eit brynefragment (av kvartsitt; type truleg frå jernalder) og ein bit av brent bein (moglegvis fiskebein) frå sjølve kulturlaget (jf. vedlegg 3-4 for nærmare informasjon om funn). Både fiskesøkket og brynet har klart blitt sekundært varmpåverka/brent. Ein fann totalt sett fem bitar frå det same søkket, to av bitane vart attfunne blant utkasta masser etter at ein forstod at steinfragmenta stamma frå ein gjenstand. Det er heilt klart at alle dei påviste fragmenta kjem frå eit svært avgrensa område innanfor «prøvestikket» i nordre delen av Sjakt 1. Det vart gjennomført ein ny runde med fotografering for fotomosaikk etter gravinga av «prøvestikket» (jf. vedlegg 8).



Figur 8 Område med "prøvestikk" nord i Sjakt 1. Etter fjerning av steinlaget. Foto mot NØ.

Innan Sjakt 2 vart det ikkje gjort gjenstandsfunn, men avtorvinga og framreinsinga her viste derimot klart både utstrekninga til den steinfylte veggvollen tilhøyrande austre langvegg og eksistensen av ei førreformatorisk dreneringsgrøft rett utanfor veggvollen (jf. fig. 10-12, 18). Veggvollen låg rett under eit tynt lag med torv (inntil 5 cm tjukt). Veggvollen vart ikkje snitta, så tjukkeleiken på den er uavklart, men han framstod som mykje likt det som hadde vist seg i nordleg del av Sjakt 1 for den vestre veggvollen. Steinfyllet i veggvollen inneheldt kompakt plasserte, relativt små steinar (ca. nevestorleik).

Den tilgrensande dreneringsgrøfta vart heller ikkje snitta, så djupna er uavklart. Grøfta framstod for avtorving som ei forsenking parallelt med veggvollen, og etter avtorvinga vart dette endå tydelegare. Det er sannsynleg at grøfta stammar frå brukstida til hustufta. Grøfta var fylt med ei mørkare, seigare og fuktigare fyllmasse enn vollen, med innslag av nokre steinar av liknande type som i vollen (desse kan

eventuelt ha rasa ned frå sjølve vollen). Nedskjeringa for dreneringsgrøfta var synleg også i høve til det naturlege bakkenivået i området lenger mot NØ om hustufta.



Figur 9 Profilsnitt gjennom torvlag, steinlag og kulturlag, ned til lysare undergrunn, i "prøvestikk" nord i Sjakt 1. Foto mot NØ.



Figur 10 Sjakt 2 etter avtorving og framrensing. EB i bakgrunnen, inne i hustufta. Foto mot V.

Her ute på flata i NØ var torvlaget tynt (ca. 5cm tjukt), og ei viss omroting av undergrunnen og nokre steinopptrekk her synte at traktorspora hadde skore seg gjennom torvlaget. Derimot viste ikkje sjølve veggvollen eller dreneringsgrøfta særlege teikn på nyare tids skader. Sidan sjølve hustuftanlegget var såpass nedgrodd, var det vanskeleg å fastslå utstrekninga på denne dreneringsgrøfta rett på utsida av veggvollen. Det er mogleg at det strekkjer seg ei slik grøft rundt heile anlegget, men ho kan også vere avgrensa til

berre den austlege langveggen – det området som nok var mest utsett for tilstrøyming av vatn ved kraftig nedbør.



Figur 11 Sjakt 2, detalj med relasjon mellom steinfylt veggvoll til venstre, dreneringsgrøft sentralt og jordet aust om hustufta til venstre. Foto mot NV.

Det vart teke ut ei makrofossilprøve frå ei grop i NØ-enden av Sjakt 2, dvs. på flata utanfor sjøve hustufta – men denne er i etterkant kassert på grunn av den usikre konteksten. Det finst såleis ikkje prøvemateriale frå Sjakt 2.

5.2.3 Dag 3


Den siste dagen i felt vart nytta til avsluttande dokumentasjon, attfylling av sjakter og utbetring av vestre veggvoll, og frakt av utstyr tilbake til Am, UiS.



Figur 12 Sjakt 2 på Dag 3, etter kraftig regn om natta. Foto mot NV.

Innan Sjakt 1 valde ein å utbetre delar av den skada veggvollen i SV ved å leggje noko stein under torva (jf. fig. 14). Dette gav ei utforming som høvde betre med den betre bevarte delen av veggvollen lenger mot NV. Elles vart torvstykkja lagt tilbake slik at sjakta vart fylt att. Til slutt fotograferte ein situasjonen slik at status ved avslutta undersøking vart dokumentert (jf. fig. 15).

Innan Sjakt 2 utførte ein ei liknande prosedyre som ved Sjakt 1, men her vart det ikkje gjort noko form for utbetring, ein la berre torvstykkja på plass att og fotograferte status (jf. fig. 16).



Figur 13 Illustrasjon som viser Sjakt 1 og 2 med innmålte anleggsspor, prøver og funn innan hustufta. Storleik 1:110, opp er mot nord.



Figur 14 Sjakt 1, underveis i attfylling av torv. Legg merke til utbetring av steinvoll med steinsamlinga oppe til venstre før pålegging av torv. Foto mot V.



Figur 15 Sjakt 1, situasjon etter ferdig attfylling med torv. Foto mot NNØ.



Figur 16 Sjakt 2, situasjon etter ferdig attfylling med torv. TGB i bakgrunnen. Foto mot NNØ.

6 Naturvitskapelege prøver og analyser

6.1 Prøvematerialet

Det vart i felt teke ut totalt sett fire prøver (P700-703), jf. vedlegg 5 og 7. Tre av desse var makrofossilprøver (P700-702), er den eine (P700 frå Sjakt 2) i ettertid vart kassert. P701 og 702 frå Sjakt 1 er begge blitt flottert og analysert, og materiale (trekol) frå dei er sendt til karbondatering. P703 var bitar av delvis forkola bark frå Sjakt 1, delar av dette materialet er også sendt til karbondatering.

Prøvene har fått tildelt nat.vit.nr. 2019/104 – 1,2,3,4 (jf. vedlegg 5).

6.2 Vedartsanalyse

Trond Magne Storstad ved Am, UiS har plukka ut dateringsmateriale og gjort vedartsanalyse på dette (jf. vedlegg 6).

6.3 ^{14}C – analyse

Materiale frå tre av dei naturvitskapelege prøvene er sendt til dateringslaboratoriet Beta Analytic for radiologisk datering (jf. vedlegg 6). Alle tre har gjeve resultat frå 400-500-talet e. Kr., dvs. folkevandringstid.

7 Funnmaterialet

Gjenstandsfunna er tolka og katalogisert under S 14241 (jf. vedlegg 4).

7.1 Fiskesøkket

Fiskesøkket (jf. fig. 17) er av ein oval type, med innhogde snorspor (type R477, «snøresøkke»; truleg frå yngre jernalder, men eldre jernalder er også mogleg). Det har blitt brukt i samband med garnfiske, anten i fjorden eller i nokre av vatna i nærleiken.



Figur 17 Delar av fiskesøkket sett saman, med digitalt påteikna liner for å framheve snorspora. Foto ved EB.

7.2 Brynet

Fragmentet omfattar den eine enden av eit bryne, den totale lengda og utforminga er såleis uavklart. Truleg stammar dette kvartsittbrynet frå eldre jernalder, noko nærmare datering er uavklart.

7.3 Fragmentet av brent bein

Osteolog Sean D. Denham ved Am, UiS har vurdert fragmentet, og hevdar at det kan godt vere snakk om beinmateriale frå fisk. Dette er i så fall eit interessant, mogleg samband med fiskesøkket frå same kontekst.

8 Samla tolking av det undersøkte anlegget ID 229588-1 og lokaliteten 229588

Sikringsundersøkinga av ID 229588-1 har vist at hustufta etter alt å døme opprinneleg er bygd som eit langhus (ca. 28 x 7,5 m) frå jernalder. Dateringsresultata tyder klart på at bygningen først vart reist i romartid/folkevandringstid, men det kan godt vere snakk om fleire fasar og ein omfattande

bruksperiode – kanskje heilt inn i mellomalder? Hustufta har hatt veggvollar bygd opp av kompakt lagde, relativt små steinar, og inne i bygningen har det vore distinkte golvlag, truleg fleirfasa. Det vart påvist eit mogleg inngangsparti innan Sjakt 1, sør i vestre langvegg. Visuell observasjon av resten av anlegget indikerte at det kunne vere eit anna inngangsparti i den nordre enden av denne langveggen (synleg som eit søkk i veggvollen), men dette er uavklart. For den austre langveggen sin del, var hustufta for nedgrodd til at ein kan seie noko om inngangar her. Endringa synleg innan Sjakt 1, med ei klar steinsamling over eit kulturlagsnivå i nord, men ingen slik klar lagfølge i sør, kan indikere at det finst eit skilje i funksjon og/eller rominndeling her – det vil i så fall høve greitt overeins med det nemnde, moglege inngangspartiet.

Det er fortsatt uavklart korleis relasjonen har vore mellom ID 229588-1 og den andre hustufta (også eit langhus) som ligg ca. 50 meter lenger mot vest. Dei kan ha vore i bruk samstundes innan eit felles jernaldersk gardsanlegg. Eksistensen av gardfarrestar, røyser og eit gammalt vegfar like ved, opnar samla sett opp for lokaliteten på Oaland som ein klar førreformatorisk og truleg førkristen gard, lokalisert mellom dei kjende busetnadsområda nede på Forsandmoen og ressursområda vidare innover fjellet.

Det er tidlegare kjent mange gardsanlegg med synlege hustufter frå jernalder i Rogaland, men det er uvanleg at slike lokalitetar vert funne og registrert så seint som i 2016. Det er ein viktig bit i forhistoria for garden Oaland og kommunen Forsand som har kome til, og sikringsundersøkinga i 2019 har vore med på å både trygge delar av sjølve lokaliteten og å sikre informasjon om oppbygging og alder på den eine hustufta.

9 Formidling og publikumskontakt

Det vart ikkje gjennomført noko organisert formidling i samband med sikringsundersøkinga, men grunneigar med familie var innom feltarbeidet fleire gongar og ein hadde interessant diskusjonar om lokaliteten og historia til gardsdrifta på staden.

10 Prosjektevaluering

Generelt sett, så oppnådde ein gjennom sikringsundersøkinga det som var dei viktigaste målsetnadane (jf. kap. 3):

- Ein fekk dokumentert eit oversyn over kor stor skade tufta og området like inntil har fått av moderne aktivitet som traktorkøyring. Ein har også, ved grunneigar sitt eige initiativ, fått stoppa eventuelle pågåande skader som utrasing av veggvollar og anna mogleg skade på strukturar og funnmateriale av ytterlegare køyring.
- Den nemnde utfordringa med behov for drenering, har grunneigar løyst ved å grave dreneringsgrøfter i ei anna retning, bort frå lokaliteten.

Det var naudsynt å skalere ned undersøkingsarealet, frå det foreslegne ca. 60 m² til under 10 m². Dette vart gjort av fleire årsaker; a) fordi det ikkje var realistisk utifrå tilgjengelege ressursar (tid, mannskap) å undersøkje eit så stort areal som planlagt, og b) fordi skadeomfanget var såpass avgrensa at løysinga med to mindre sjakter ville fungere godt for føremålet.



Figur 18 TGB målar inn georeferansepunkt for fotomosaikk, ved Sjakt 2. Foto mot ØNØ.

Når det gjeld dei faglege problemstillingane, om gardsanlegget i seg sjølv og relasjonen til Forsandmoen-landsbyen frå eldre jernalder, er dette nemnt ovanfor under kap. 8. Kunnskapsbiletet for hustufta ID 229588-1 vil bli endå klarare når ein har fått svar på dei innsende dateringsprøvene. Undersøkinga er eit godt døme på at ein ved relativt liten ressursbruk kan klare å både sikre ein utsett/skada del av ein lokalitet og få informasjon om oppbygging, bruk og alder til ei slik synleg hustuft.

LITTERATURLISTE

- Engen, Sigleif (1985): «Forsandboka. Gards- og ættesoge. Band II», Forsand kommune.
- Løken, Trond (1983): «Forsands forhistorie», i *frå haug ok heidni* (1983:2), Tidsskrift for Rogalands Arkeologiske Forening.

VEDLEGG

- Vedlegg 1 Fotoliste
- Vedlegg 2 Liste over innmålte punkt og polygon
- Vedlegg 3 Funnliste
- Vedlegg 4 Katalog S 14241
- Vedlegg 5 Prøveliste
- Vedlegg 6 Prøver sendt til ¹⁴C-analyse og analyseresultat
- Vedlegg 7 Illustrasjoner (7a og b) over innmålte anleggspor, prøver og funn i sjaktene
- Vedlegg 8 Rapportar (8a og b) frå fotogrammetri tilknytta Sjakt 2
- Vedlegg 9 Oversynskart lokalisering av ID 229588 med UTM (Temakart Rogaland)

FOTOLISTE - Arkeologisk museum

Oppdrag: OF-10633-03 Oaland				Fornminnets art:			År:	Fornminnenr./ID-nr.:	Musnr:	
Sikringsundersøking				Hustuft			2019	229588-1	S 14241	
Brevjournalnr.: 19/02436			Aksejonsnr.: 2019/104			Flyfotoregnr.:		Datering: Jernalder		
Fotograf: Even Bjørdal (EB), Theo Gil Bell (TGB)						Sak nr:	Gard: Oaland		Gnr: 34	Bnr: 3
Am ansv: Even Bjørdal				År: 2019		Kommune: Forsand				
Arkivnr	Bildnr	Dato	UTM/ Kartblad	Initialer	Retn.mot	Strukturnr:	Motiv/Intrasis-ID:			
Sf 195988-196053	1543	23.10.2019	6533118 / 337484 for alle	EB	N	Hustuft	Område S i hustuft id 229588-1, før undersøkinga tok til. Traktorspor har gått over tufta her, fortsatt teikn på slitasje/forstyrning.			
	1547	23.10.2019		EB	N	Hustuft	Område S i hustuft id 229588-1, før undersøkinga tok til. Traktorspor har gått over tufta her, fortsatt teikn på slitasje/forstyrning.			
	1549	23.10.2019		EB	S	Hustuft	Område N i og rett N om hustuft id 229588-1, før undersøkinga tok til. Traktorspor har gått over tufta her, fortsatt teikn på slitasje/forstyrning.			
	1554	23.10.2019		EB	NNV	Hustuft	Område S i hustuft id 229588-1, før undersøkinga tok til. Traktorspor har gått over tufta her, fortsatt teikn på slitasje/forstyrning. Sjakt 1 opna opp i dette området.			
	1680	24.10.2019		EB	NNV	635 (Sjakt 2)	Sjakt 2: Detaljfoto av synleg nivå etter avtorving. (ingen fotomosaikk for dette og følgjande foto)			
	1681	24.10.2019		EB	NNV	635 (Sjakt 2)	Sjakt 2: Detaljfoto av synleg nivå etter avtorving.			
	1682	24.10.2019		EB	NNV	635 (Sjakt 2)	Sjakt 2: Detaljfoto av synleg nivå etter avtorving.			
	1683	24.10.2019		EB	NNV	635 (Sjakt 2)	Sjakt 2: Detaljfoto av synleg nivå etter avtorving.			
	1684	24.10.2019		EB	NNV	635 (Sjakt 2)	Sjakt 2: Detaljfoto av synleg nivå etter avtorving.			
	1685	24.10.2019		EB	VSV	635 (Sjakt 2)	Sjakt 2: Detaljfoto av synleg nivå etter avtorving.			
	1686	24.10.2019		EB	VSV	635 (Sjakt 2)	Sjakt 2: Detaljfoto av synleg nivå etter avtorving.			
	1687	24.10.2019		EB	VSV	635 (Sjakt 2)	Sjakt 2: Detaljfoto av synleg nivå etter avtorving.			
	1688	24.10.2019		EB	SSØ	635 (Sjakt 2)	Sjakt 2: Detaljfoto av synleg nivå etter avtorving.			
	1689	24.10.2019		EB	SSØ	635 (Sjakt 2)	Sjakt 2: Detaljfoto av synleg nivå etter avtorving.			

Oppdrag: OF-10633-03 Oaland				Fornminnets art:			År:	Fornminnenr./ID-nr.:	Musnr:	
Sikringsundersøking				Hustuft			2019	229588-1	S 14241	
Brevjournalnr.: 19/02436			Aksesjonsnr.: 2019/104			Flyfotoregnr.:		Datering: Jernalder		
Fotograf: Even Bjørdal (EB), Theo Gil Bell (TGB)					Sak nr:		Gard: Oaland		Gnr: 34	
Am ansv: Even Bjørdal					År: 2019		Kommune: Forsand			
Arkivnr	Bildnr	Dato	UTM/ Kartblad	Initialer	Retn.mot	Strukturnr:	Motiv/Intrasis-ID:			
	1690	24.10.2019		EB	SSØ	635 (Sjakt 2)	Sjakt 2: Detaljfoto av synleg nivå etter avtorving.			
	1691	24.10.2019		EB	SSØ	635 (Sjakt 2)	Sjakt 2: Detaljfoto av synleg nivå etter avtorving.			
	1692	24.10.2019		EB	SSØ	635 (Sjakt 2)	Sjakt 2: Detaljfoto av synleg nivå etter avtorving.			
	1693	24.10.2019		EB	SSØ	635 (Sjakt 2)	Sjakt 2: Detaljfoto av synleg nivå etter avtorving.			
	1694	24.10.2019		EB	ØNØ	635 (Sjakt 2)	Sjakt 2: Detaljfoto av synleg nivå etter avtorving.			
	1695	24.10.2019		EB	ØNØ	635 (Sjakt 2)	Sjakt 2: Detaljfoto av synleg nivå etter avtorving.			
	1696	24.10.2019		EB	ØNØ	635 (Sjakt 2)	Sjakt 2: Detaljfoto av synleg nivå etter avtorving.			
	1697	24.10.2019		EB	ØNØ	635 (Sjakt 2)	Sjakt 2: Detaljfoto av synleg nivå etter avtorving.			
	1698	24.10.2019		EB	ØNØ	635 (Sjakt 2)	Sjakt 2: Detaljfoto av synleg nivå etter avtorving.			
	1699	24.10.2019		EB	ØNØ	635 (Sjakt 2)	Sjakt 2: Detaljfoto av synleg nivå etter avtorving.			
	1700	24.10.2019		EB	VSV	635 (Sjakt 2)	Sjakt 2: Detaljfoto av synleg nivå etter avtorving.			
	1701	24.10.2019		EB	VSV	635 (Sjakt 2)	Sjakt 2: Detaljfoto av synleg nivå etter avtorving.			
